



Polakken Pawel Koch synest fjella i Uskedalen er fint, men no er Folgefonna målet. (Foto: Torfinn Myklebust)

Etter ein sykkel tur, saman med ferjetur over til Halsnøy, på tre-fire timar frå Finnås var det rast i Uskedalen for polakken på veg til Folgefonna. Målet hans var å sykla til Sundal og så gå opp til Fonnabu i pinstihelga. Første etappe var frå Bømlo til Sundal. Så vidare opp til Folgefonna.

Pawel Koch tok ein matstopp på Sandakaien i Uskedalen. No trong beina ein kvil, seier den 42-år gamle polakken. Han fortel at han bur på Finnås, men jobbar som elektrikar på Rubbestadneset.

Han kom frå Krakow i Polen i haust, men har lært seg norsk brukbart. Han har gått frå arbeidsplass til arbeidsplass i Polen utan å ha tent så mykje. Han vonar på å få arbeid ei tid framover i Norge. Der er forteneasta mykje betre, seier han.

På arbeidsplassen og Bømlo likar han seg godt. Den 42-årige polakken har funne seg dame der. Han likar å ta seg sykkel turar rundt om i landet. I pinstihelga følgjer han sykkelguiden for Sunnhordland.

Pawel Koch seier han synest godt om fjella rundt Uskedalen. Han vil gjerne ta ein tur på eit av fjella seinare, men denne gongen er det Folgefonna som er målet.

Torfinn Myklebust.